

Prinsipp for brukarmedverknad i det regionale helseføretaket Helse Vest

Brukarane av helsetenester har krav på at brukarmedverknaden blir ivareteken og at den fungerer på alle nivå, til beste både for tenestene og brukarane. Det er heilt sentralt at medverknaden vert høgt prioritert.

Brukarmedverknad i helsetenesta er eit nytt felt det er derfor svært viktig at Helse Vest RHF og det regionale brukarutvalet saman er sterke pådrivarar for å få til ei god teneste.

Brukarmedverknad er eit kontinuerleg arbeid der det pasienten treng skal vere førande for prioriteringane. Dette skal gjelde både for innhaldet i dei tenestene som blir tilbydde og den strukturen som omfattar heile verksemda. Målet er å få ei mest mogleg pasientfokuserert helseteneste.

Grunnlaget for brukarmedverknad

1. Brukarmedverknad er eit naudsynt verkemiddel for å sikre gode og likeverdige helsetenester til alle innbyggjarar, uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, bustad og diagnose / nedsett funksjon.
2. Erfaringskompetansen til brukarrepresentantane er likeverdig med helsefagleg og administrativ kompetanse og er relevant på alle nivå i helsetenesta.
3. Brukarrepresentantane skal bidra til at brukarsynspunkt får ein sentral plass i utforming av pasienttilbodet ved helseføretaka. Vidare skal brukarsynspunkt kome fram i rapporteringa etter plan- og meldesystemet, samt i vedtaksgrunnlag som blir fremja for administrasjon og styra.
4. Medverknaden skal sikrast gjennom det regionale brukarutvalets mandat og vidare gjennom systematisk samarbeid med representantar for brukarorganisasjonane. Det er dei relevante pasient- og pårørandeorganisasjonane og dei eldre sine organisasjonar som kjem med framlegg på kandidatar til å vere brukarrepresentantar.

Brukarmedverknad i drift og omstilling

5. Ein vektlegg god samhandling med administrasjonen i Helse Vest og Styret i Helse Vest. Dette må skje med utgangspunkt i at medlem i det regionale brukarutvalet er medverkande i utarbeiding av aktuelle styresaker, for å oppnå reell brukarmedverknad.
6. Brukarrepresentantane skal delta i alle fasar av vesentlege omstillingsprosjekt som vedkjem etablering, endring og nedlegging av pasienttilbod, på samhandlingsarenaer og i alle saker om vedkjem universell tilgjenge og informasjon som er relatert til pasientane.

7. Helse Vest RHF skal legge til rette for permanent og kvalifisert brukarmedverknad både gjennom formaliserte og andre etablerte fora.
8. Brukarane skal ha kompensasjon for utgifter, tapte inntekter og medgått tid etter Staten sine satsar for reise- og møtegodtgjersle.

Kompetanse og metodar

9. Helse Vest RHF skal gjennom tilskot til brukarane sine organisasjonar bidra til å sikre kompetent og naudsynt brukarrepresentasjon.
10. Brukarrepresentantane skal ha eit avklart tilhøve til eigen brukarerfaring og kvalifisere seg til å delta og bidra til endring gjennom planmessig kompetanseutvikling og systematisering av egne og andre sine erfaringar
11. Helsepersonell, leiarar og administrasjon i helsetenesta skal setje seg inn i grunnlaget for brukarmedverknad og legge til rette for å nytte den omstillingskraft og kompetanse som brukarane har.
12. Det må gjennomførast ei systematisk evaluering og dialog om utvikling av metodar i brukarmedverknad, samt å hente inn brukarerfaringar og kompetanse om korleis medverknaden best kan organiserast.
13. Helse Vest RHF skal medverke til at brukarmedverknad blir innarbeidd i grunn- og vidareutdanning innan medisin – og helsefagyrke.